



Stortingets finanskomite

Sogn regionråd protesterer på forslag om å overføre skatteoppkrevjinga til staten

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Regjeringa sitt forslag er å leggja ned 227 kommunale skatteoppkrevjingskontor og erstatte dei med 56 regionale kontor som vil bli underlagt skatteetaten.

Sogn regionråd meiner at skatteoppkrevjarfunksjonen framleis må vere ei kommunal oppgåve og er svært kritisk til forslaget om å overføre skatteoppkrevjinga til staten.

Kvaliteten på skatteinnkrevjinga er god og har høg innbetalingsgrad. På landsbasis innfordrar skatteoppkrevjarane 99,67 prosent av alle utskrivne skattar og avgifter. Det er vanskeleg å sjå at ei overføring av skatteoppkrevjinga til staten vil gje betre resultat.

Sogn regionråd meiner den nærleik og lokalkunnskap som finst i dagens organisering bidreg til dei gode resultatane for skatteinnkrevjinga og nedkjemping av svart økonomi. Det er gode synergjar av at skatterekneskapsfunksjonar og arbeidsgjevarkontroll arbeider tett med innfordringsmiljøa lokalt. Dette samarbeidet vil bli vanskelegare med ei sentralisering.

Den kommunale skatteoppkrevjinga er i dag svært effektiv og har gode resultat. Overføring vil fjerna ei viktig oppgåve frå kommunesektoren, noko som er i strid med måla i kommunereforma om at større kommunar kan få fleire oppgåver. Forslaget inneber ei sentralisering av arbeidsplassar, og vil svekka både skatteinnkrevjinga og tenesta overfor innbyggjarane.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift